

Informasjon til heimane

Endring i Forskrift til opplæringslova § 3-41.

Det er viktig at de som foreldre legg merke til at føring av fråvær på ungdomsskulen er endra. Frå 1.-7. kl. vil me handsama søknadar om fråvær, og registrera fråvær på same måte.

§ 3-41 omhandlar føring av fråvær i grunnskulen.

” Frå og med 8. trinn skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldre kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. Døme på slikt fråvær kan vera tannregulering.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjonen av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført:

- a) Dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar*
- b) Innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.”*

For at fråvær som skuldast helsegrunnar etter bokstav a) ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skuldast helsegrunnar må vara meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert fråvær etter bokstav a) på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

For å få innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven. Søknad om sydenturar eller anna ferieopphald vert ikkje innvilga etter denne §. Det vert registrert som ugyldig fråvær.

Søknadar som gjeld fri for inntil 3 dagar vert handsama av kontaktlærer/rektor. Søknadar som omfattar meir enn tre dagar, vert handsama på oppvekstkontoret.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før fråvær.

Suldal kommune vil praktisera denne ordninga frå skuleåret 2011/2012

Med vennleg helsing

Sigrund Kleppa
Oppvekstsjef